

ARR. SETESDAL SPELEMANNSLAG

GANGAR-KURS

For alle
Bykle samfunnshus
8.april 18.00

Er folkemusikk og -dans litt fjernt for deg? Vi har gode nyheiter: Klarer du å gå i ring er sjansen stor for at du vil synest det er moro! Setesdal Spelemannslag inviterer til gangarkveld, der danseringen Sæbyggjan med Sigrid K. Jore i spissen leiar deg trygt gjennom dansen. For ungdomar og vaksne - og sjølvsgagt heilt gratis!

Kanskje dette er så gama at du til og med får lyst til å vere med på eit par skikkelege storhendingar? Vi girar oss opp til nordisk folkemusikkfestival i Arendal 20.juli - NORDLEK - der vi skal vise fram eit tradisjonelt og gedigent brurefølge frå Setesdal! Og ikkje minst Landskappleiken 2026 på Hovden!

Valle og Bykle pensjonistlag, saman med Statens vegvesen, inviterer til trafikkurs 65+

23/4 og 24/4, begge dager kl. 12.00- 16.00 i Hylestad Soknehus på Rysstad.

Du melder deg på slik: Søk «Vegvesen 65+» på [google.com](https://www.google.com) så kjem du rett på lenka du melder deg på. For oss som ikkje har godt med offentleg kommunikasjon, er det viktig å vere oppdaterte bilførarar. Kurset er gratis.



Oppfriskingskurs for bilførarar over 65 år

Med vennleg helsing Bykle Pensjonistlag

Hovden grendehus og bibliotek tel. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tel. 476 85 262
Måndag-torsdag 8-21, Fredag 8-16 Stengt 1. april	Måndag 10-16.30, Torsdag 10-16.30 Meiropent bibliotek alle dagar 7-23 Stengt 1. april

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune. Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-. Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga. Kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via **Spond** når det gjeld tilbod rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.

kultur@bykle.kommune.no

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Følg Bykle kommune på **facebook**

Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

April 2024 35. ÅRGANG | OPPLAG 570

Språkkafé

Hovden grendehus: 9.
april klokka 18:00

Bykle samfunnshus: 23.
april klokka 18:00



” Språkkafé er en møteplass mellom tilflyttere og lokalbefolkningen, som gir mulighet for å treffe nye mennesker, ha ulike aktiviteter, få praktisert norsk i trygge omgivelser og bli kjent med folk og stedet.”

Ta kontakt med merete.egeland@bykle.kommune.no om du vil bidra som språkvert.

Kurs med Bykle husflidslag hausten 2024

Me arrangerer stakkekurs! Oppstart tysdag 20.august. Kurslærer er Ann Helen Helle Schage. Kurset er på 120 timar og går annakvar tysdag (partallsveker) fram til utpå hausten 2025.



Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl: jorgine@online.no eller tlf.: 951 72 235, innan 20.juni.

Medl. 40,-/time, ikkjemedl. 70,-/time. Kursmaterieill kjem i tillegg.

Fleire kurs for hausten blir annonsert seinare.



Kurs i redesign/ omsaum

med Berit Langeland
29., 30. april og 6. og 7. mai.,
Alle kveldar frå kl 1700 – 2100.
Stad: Hovden grendehus.
Pris medlem kr. 40/t, ikkje medlem kr. 70/t



Har du klede liggande som du ynskjer å endre/ tilpasse eller lage noko heilt nytt av? Ta det med og gjerne med mønster.

Du må ha med eigen symaskin og sysaker.

Har du andre spørsmål om kurset kan du ringe Berit tlf. 48002624. Påmelding til Liv tlf. 95241565 innan 20. april.

Lærer har fagbrev i saum, drive eigen bedrift/ systoge, samt jobba med kostymar på Kilden teater dei siste 6 åra.

Har du lyst til å lære å lage sommarrullar?

May Lay vil lære oss å lage sommarrullar
onsdag 10. april kl. 1800. Stad: Fjellgardane skule.

Påmelding: Liv tlf. 95241565 innan 7. april. Pris kr. 200 per pers, i tillegg kjem råvarer som May Lay kjøper inn.

SUMMIT FRITIDSKLUBB

JUNIORKLUBB 5.-7.trinn, kl 17:30 - 19:30
On 03. april Hovden
On 17.april Bykle

UNGDOMSKLUBB 8. - VGS, kl 18:30 - 21:00
Fr 5. april Hovden
On 17. april Hovden
Fr 26. mars Hovden

MEG FORBEHOLD OM ENDRINGER. FOR MER INFO LAST NED APPEN SPOND: IFZBR
KONTAKT: KULTUR@BYKLE.KOMMUNE.NO

SENIORTRIM

STERK OG STØDIG!

MÅNDAGAR KL. 11-12 I BYKLE SAMFUNNSHUS TRIMROMMET

ME HAR FOKUS PÅ GOD OPPVARMING
STYRKE OG BALANSE
EIN STØDIG KROPP FOR EIT GODT LIV

ETTER TRIMMEN VERT DET KAFFITREFF PÅ BIBLIOTEKET FRÅ 12-13
MED ENKEL LUNSJ

VELKOMEN!



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 15. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



Høyrsele

Audiograf Caroline Dankworth fra LMT Evje, kjem til Bykle helsesenter på kommunebesøk 24 april. Dette er eit tilbod til deg som allerede har høyreapparat.

Ønskjer du time ta kontakt med høyrselekontakt i kommunen:

Annette Trydal
Telefon 91641495 eller E-post annette.trydal@bykle.kommune.no

Dagsenter på heimen kvar onsdag

Du kan kjøpe lunsj, middag og kaffe for kr 145,- eller bare ein av delene. Middag 85 kr og lunsj 60 kr. Det er lunsj kl 11.30 og middag kl 14.30

Viss du vil ha skyss/mat ring kjøkken på

telefonnummer 468 41 051 å sei frå om dette, tysdagen før.

Bykle vaskeri er no godt i gong og me ønskjer oss fleire kollegaer.



Kan dette vere noko for deg eller nokon du kjenner må du ta kontakt med Åshild Bryggeså på Bykle vaskeri. Du kan sende epost aashild@setpro.no, ringe mobil 95283609, eller kom gjerne innom oss.



Dette er stillingar for deg som mottek uføretrygd»

Brynjeprosjektet arbeider med målretta tiltak for å redusere utanforskap, blant anna som eit tilbod til deg som ønskjer å sjå på moglegheitene for å kome heilt eller delvis i jobb. I Brynje kan du kontakte oss uansett kva slags kommunale eller andre offentlege tenester du elles er i dialog med. Om du ikkje får oppfølging frå nokon i dag, ynskjer me spesielt å snakke med deg. Alle førespurnader vert handsama med teieplikt.

Les meir på www.brynjeprosjektet.no

og kontakt oss i dag:

Vidar Mortensen, 92416961,

vidar.mortensen@bykle.kommune.no



UNGDOMMENS KULTURHUS ER EIN STAD DER LOKAL UNGDOM KAN DRIVE MED SJØLVORGANISERT AKTIVITET SOM GAMING, BRETTSPEL, DANS, YOGA, BALLSPEL, BAND, LEKSER og TEIKNING. GYMSALANE ER OPNA FOR SJØLVORGANISERT LEIK FOR ALLE FRÅ 5. TRINN OG OPPOVER. GYMSAL KAN BOOKAST I RESEPSJON ELLER BIBLIOTEK I OPNINGSTIDA TIL KULTURHUSA.

OPNINGSTIDER

BYKLE SAMFUNNHUS:
MÅNDAG OG TORSDAG: 10:00 - 16:30
MEIROPENT BIBLIOTEK FOR UNGDOM FRÅ 8. TRINN.
UTLÅN AV NØKKELE TIL KLUBBHUSET OG BANDBINGE
UTANOM OPNINGSTIDER SKAL GJERAST AV FØRESETT SOM DÅ HAR ANSVAR FOR FASILITETANE.

HOVDEN GRENDEHUS:
MÅNDAG - TORSDAG: 08:00 - 21:00
FREDAG: 08:00 - 16:00
KUN FOR UNGDOM FRÅ KL 18:00

HUGS Å RYDDE OPP ETTER DYKK

Tømekalender

Restavfall: 04.04, 26.04

Matavfall: 04.04, 17.04, 26.04

Papir, glass/metall, plast: 17.04

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Sundag 7. april kl 11.00

Gudsteneste i Fjellgardane Kyrkje

Sundag 21.februar kl 17.00

Gudsteneste og familiesamling i Bykle kyrkje.

Uteaktivitetar, mat ved bålpanna og

påsketidsvandring med quiz

Andaktar på Bykle alders- og sjukeheim

Onsdag 3. april kl. 12.30

Onsdag 17. april kl. 12.30

Klippen

07.april kl.16.00 - Møte med Roy Sveinungsen


Øyvind og Janne Røinås syng

14.april kl.16.00 - Møte med Hans Erik Haldorsen



Bykle kommune
er nå bruker av den nye
medbyggerportalen.

LAST MED OG PRIV.



Valle leikarring inviterer til felles rekrutteringshelg for barn og ungdom frå heile Setesdal og Bø i Telemark BLI MED OG DANS!

Fredag 12 april på Sølvarden hotell kl. 19.00:


Alle er velkomne til bli kjent-kveld med pizza, quiz/kahoot og informasjon om helga.

Laurdag 13. april kl 10-16 i Hylestad soknehus:

For dei yngste (tom. 8 år):	For dei eldste (9-16 år):
Kl 10.00-11.00 Gangarkurs med med Sigrid B. Berg og Sigrid K. Jore Spelemann: Eivind T.-L. Knutsen Kl 11.00-12.00 Matpause. Kyllingsuppe med focaccia frå Nordibø landhandel. Ved spesielle behov, kontakt Hanne Nomeland, tlf. 94480430	Kl 10.00-11.00 Gangarkurs med Tor Espen Helle og Åse Solbakk Spelemann: Daniel Sanden-Warg Kl 11.00-12.00 Matpause. Kyllingsuppe med focaccia frå Nordibø landhandel. Ved spesielle behov, kontakt Hanne Nomeland, tlf. 94480430
Kl 12.00-12.45 Munnharpekurs med Eivind T.-L. Knutsen. Alle kan prøve å få lyd i munnharpa, spele på kazoo eller slurva! Songleikar og dans med med Åse Solbakk	Kl 12.00-12.45 Munnharpekurs med Daniel Sanden-Warg
Kl 12.45-13.00 Drikkepause, ta med eiga drikkeflaske	Kl 12.45-13.00 Drikkepause, ta med eiga drikkeflaske
Kl 13.00-13.45 Songleikar og kvending med Sigrid B. Berg	Kl 13.00-13.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø
Kl 13.45-14.00 Fruktpause.	Kl 13.45-14.00 Fruktpause.
14.00-14.45 Kunst og håndverk med Åse Solbakk	14.00-14.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø
14.45-15.00 Drikkepause	14.45-15.00 Drikkepause
15.00-15.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø	15.00-15.45 Munnharpekurs med Daniel-Sanden Warg

Arr. Valle kommune og Setesdal Spelemannslag med støtte frå Agder fylkeskommune og Gjensidigestiftelsen.

Veldedig hjelpesenter for Nord-Agder



På lørdager fra klokken 12 kan alle som trenger klær eller husholdningsartikler komme til Senteret. Nå er det et veldedig hjelpesenter på Hovden.

Også, hvis du ønsker å gi klærne eller andre ting, husholdningsapparater eller noe du ikke lenger trenger til senteret, så kan du ta det med. Dette vil sikkert være nyttig for noen andre, og vi vil være deg takknemlig for det.

Senteret ligger ved Otravegen 193, 4755 Hovden (Ikke langt fra butikken Monter)

Du kan også kontakte oss på telefon 92529854



AKT Svipp

Kollektivt meir tilpassa deg
Eit tilbod frå Agder kollektivtrafikk

907 16 815

Dette er AKT Svipp:
• AKT Svipp blir køyrt med eigen minibuss måndag og torsdag mellom kl. 8.30 og 14.30. Minibussen hentar deg heime til avtalt tid, og køyrer deg dit du skal innanfor området der du kan reise med AKT Svipp.

Boksirkel

Boksirkelen møtast måndag 8/4 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "De stjernekyndige" av Vetle Lid Larssen. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med

Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral



Bygdekinoen

www.bygdekinoen.no

Bykle samfunnshus

Laurdag 13. april:

16:30 De Raske & De Rå

18:30 Sau

Hovden grendehus

Måndag 15. april:

18:00 Bamse og verdens minste eventyr

20:00 Back to Black

Laurdag 27. april:

16:30 De raske og de rå

18:30 The Fall Guy

